# LINDÅS KOMMUNE
Byggesaksavdelinga

Cowi AS v/Hogne Høysæter
Postboks 6412 Etterstad
0605 OSLO

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Eilin Houlison Molvik | 19.12.2019 |
| Vår: 18/2883 - 19/38886 | Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no | |

# Ferdigattest for sigevassanlegg - gbnr 177/36 Nesse

**Administrativt vedtak. Saknr: 814/19**
**Tiltakshavar:** Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks
**Ansvarleg søkjar:** Cowi AS v/Hogne Høysæter
**Søknadstype:** Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Ansvarleg søkjar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og rammeløyve datert 08.11.2018 og igangsettingsløyve datert 11.01.2019. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 25.11.19.

**Skildring**

| | |
|---|---|
| Adresse: | Eigedom gbnr 17/36 og 66, |
| Bygningstiltak: | Sigevassanlegg med tilhøyrande vegar, fyllingar, murar og skjæringar |

**VEDTAK:**
**Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for sigevassanlegg med tilhøyrande infrastruktur på eigedom gbnr 177/36 og 177/66.**
**Anlegget eller delar av det må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.**

**Mynde**
Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

**Klage**
Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan

**Post**
postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**
www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM

fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 18/2883

Med helsing

| | |
|---|---|
| Siril Sylta<br>avdelingsleiar | Eilin Houlison Molvik<br>rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| COWI AS | Sandvenvegen 40 | 5600 | NORHEIMSUND |
| Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks | Lindåsvegen 1260 | 5956 | HUNDVIN |
| Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap Iks | Lindåsvegen 1260 | 5956 | HUNDVIN |

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Cowi AS v/Hogne Høysæter | Postboks 6412 Etterstad | 0605 | OSLO |